

Offerdal Kraftverk AS

Røysavegen 1, 6893 Vik i Sogn
Tlf.: 57 69 86 00
Fax.: 57 69 86 10
E-post: post@sognekraft.no
Bank: 8580.18.62220
Org. nr.: NO 990 395 209 MVA

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato: 17.01.2022

Søknad om utsett byggefrist for Offerdal kraftverk

Vi syner til kongeleg resolusjon av 10. februar 2017 der Offerdal Kraftverk AS fekk løyve til bygging av Øvre og Nedre Offerdal kraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg i Årdal kommune og løyve om tilknytning, etter planendringssøknad, gitt av NVE i brev av 09.04.2018.

Ein syner også til klagesak om Statnett sitt brot på tilknytingsplikta for Offerdal kraftverk, mellom anna Sognekraft sitt brev til RME datert 20. januar 2020 og RME sitt vedtak i brev av 19.11.2020.

Sognekraft AS forvaltar konsesjonen på vegne av Offerdal Kraftverk AS og har saman med nettseksjonen i Sognekraft og no det nye nettselskapet Sygnir AS hatt fleire møter med Statnett for å sikre tilknytning til sentralnettet, seinast i møte 13. januar 2022.

Problemet er at det er for liten kapasitet på sentralnettet i Indre Sogn. Statnett er i gang med oppgradering av nettet der sentrale deler er temperaturoppgradering, installering av systemvern og bygging av ny transformatorstasjon i Fortun. Når dette er fullført vil dei kunne gi tilgang til nettkapasitet til kraftverka i Indre Offerdal og Fardalen kraftverk i Årdal kommune. Dei 2 kraftverka til Hydro, Øyane og Illvatn, vil krevje ytterlegare tiltak.

Det er ikkje mogeleg å gjere investeringsvedtak og starte bygging av kraftverka til Offerdal Kraftverk AS før ein har fått tilsegn om nettkapasitet og ein søker difor om å få forlenga byggefristen med 5 år, til 10. februar 2027.

Med helsing
Offerdal Kraftverk AS


Jacob Hornnes
Dagleg leiar